



Ålfotbreen verneområdestyre

Postadresse
Ålfotbreen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Sandane Næringshage
Sandane Senter, 3. etasje
6823 Sandane

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3138
sfvlpost@statsforvalteren.no
fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Ålfotbreen

Rådgevande utval for Ålfotbreen LVO

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/11038-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 01.11.2022

Ålfotbreen landskapsvernområde - Referat etter møte i Rådgevande utval 03.10.22

Måndag 3.oktober kl 18-20, Comfort hotell, Florø

Oppmøte:

Solveig Lien Gusdal – Sogn og Fjordane Energi

Svenn Petter Kjerpeset – Keipen Turlag

Ola Jan Birkeland – grunneigar Gloppen kommune

Dag Eliassen – Flora turlag

Leidulv Solvang – grunneigar Kinn kommune

Jacob Nødseth – styreleiar Ålfotbreen verneområdestyre

Alf Erik Røyrvik – verneområdeforvaltar (referent)

1. Opning av møtet

Styreleiar Jacob Nødseth opna møtet og hadde ei kort innleiing.

Vi hadde ei kort presentasjonsrunde av dei frammøtte

2. Forvaltning og Saker i 2022

Verneområdeforvaltar gjekk gjennom dei sakene som har vore handsama til no i 2022 og andre aktuelle saker og tema som har vore på dagsorden.

Sjå vedlagt presentasjon.

Dei enkeltsakene som har vore har handla om motorferdsel. Mest komplisert og prinsipiell er sakene som gjeld motorferdsel i samband med tv-produksjon.

Utvalet hadde ein prat om denne typen saker. Det kom innspel om at det er positivt med aktivitet som marknadsfører verneområdet.



3. Nasjonalparkstatus

Verneområdeforvaltar orienterte om status på arbeidet med å gjere Ålfotbreen om til nasjonalpark. Statsforvaltaren har møte med dei kommunane som er involvert i forslaga om supplerande vern.

Utvalet gav uttrykk for at dei framleis tykkjer dette med nasjonalparkstatus er noko uklart og det er usikkert kva det kan og vil bety.

- Kva er pluss og kva er minus med nasjonalparkstatus?
- Kva kan vi forvente av regelverk i ein eventuell nasjonalpark
- Er det høve til å få gjort mindre grenseendringar dersom Ålfotbreen skal bli nasjonalpark? Mellom anna ligg der ei hytte 70 m frå grensa i Sunndalen og eit inntak til kraftverk 150 m frå grensa i Grøndalen.

4. Tiltak i 2022

Verneområdeforvaltar orienterte om tiltak som er gjort i 2022 og kva som skal gjerast utover hausten, finansiert av tiltaksmidlane frå Miljødirektoratet.

Sjå vedlagt presentasjon

5. Innspel til forvaltning og styre

Flora turlag stilte spørsmål om kvifor rute frå Bjørndalen til Gjegnen er merka over sjølve Gjegnalundsreen på karta til Statens Kartverk. Dette kan vere sær sars risikabelt og stien er ikkje merka over reen.

Sjå merknader om motorferdselsaker og nasjonalparkstatus på sak 2 og 3.

6. Innspel til tiltak i 2023

Utvalet hadde fleire innspel til tiltak som dei meiner er aktuelle for tiltaksmidlar i 2023:

- Flytte grind i vegen til Skordalen og Nakkane i Hope.
- Rydde kratt langs stiane rundt Grøndalen
- Rydde skog i skogsvegen frå Hope mot Lavesteinen
- Halde fram med arbeidet med utbetring av stien til Blåbrebu

Flora turlag meldte i frå om at dei ikkje har kapasitet til å ta på seg store prosjekt med stiarbeid som skal gjerast på dugnad. Dette er tidkrevjande arbeid og det er vanskeleg å få folk til å bruke fritida si til dette når tilhøva ligg til rette for arbeid.



Det er derfor ønske om at verneområdeforvaltninga kjøper tenester til dei mest omfattande jobbane framover, medan turlaget framleis kan ta på seg mindre tiltak.

Forvaltar og Flora turlag tar ein prat og legg ein plan for vidare arbeid og bruken av årets midlar som er sett av til stiarbeid på stien til Blåbrebu.

7. Ymse

- Flora turlag orienterte om status på planane om å sette opp ei sikringsbu ved Gjeugnabu. Dei har arkitekt i sving med å teikne og prosjektere. Det vert jobba med ulike løysingar for p få ei funksjonell og praktisk hytte som tåler forholda der oppe og samstundes ikkje viser for mykje att i landskapet. Dei har måtte revurdere plassering av hytta med omsyn til snøforholda.

Med helsing

Alf Erik Røyrvik
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent